



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Retningslinjer for inkassators innkrevjing og behandling av rettslege saksomkostningar

RUNDSKRIV:

19/2016

DATO:

21. desember 2016

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Framandinkassoføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

1 Innleiing

Finanstilsynet har i samband med tilsyn erfart at enkelte inkassoføretak har mangelfulle og lite føremålstenlege rutinar når det gjeld innkrevjing og behandling av rettslege saksomkostningar frå skyldnarar. Føremålet med dette rundskrivet er å klargjere retningslinjene for dette.

2 Innkrevjing av rettslege saksomkostnader

Inkassoloven § 17 slår fast at skyldnaren har plikt til å erstatte dei nødvendige kostnadene fordringshavaren har ved utanrettsleg inndrivning. For kostnader ved rettsleg inndrivning gjeld rettergangslovens reglar om saksomkostnader, jf. inkassoloven § 21. *Rettsgebyrloven* regulerer saksøkjaren si plikt til å betale rettsgebyr til staten ved for eksempel forliksbehandling og utlegg. *Tvangsfullbyrdelsesloven* regulerer kva for kostnader som kan krevjast erstatta av skyldnaren ved utleggskrav. Ved forliksrådsbehandling blir dette regulert av *tvisteloven*.

Når inkassatoren krev utlegg eller sender forliksklage, vil det normalt oppstå eit rettsgebyrkrav frå staten. Rettsgebyret oppstår når rettsinstansen har registrert kravet/klagen. Dette gjeld likevel ikkje om ein forliksklage blir trekt før eit pålegg om tilsvar eller ei innkalling er sendt den saksøkte¹.

Inkassatoren og fordringshavaren er solidarisk ansvarlege for at rettsgebyret blir betalt til staten². Rettsgebyret blir fakturert etterskotsvis av Statens innkrevingssentral³. Når den rettslege instansen avgjer saka, kan saksøkjaren bli tilkjend erstatning for dette rettsgebyrkravet. Det vil òg bli teken stilling til ein eventuell påstand om erstatning for andre kostnader saksøkjaren har hatt med den rettslege inndrivninga. Dette inneber at skyldnaren heilt eller delvis kan bli ansvarleg for å erstatte dei rettslege saksomkostnadene – herunder rettsgebyret – men òg at skyldnaren kan bli friteken for erstatningsansvaret overfor inkassatoren/fordringshavaren⁴.

Fram til avgjerda frå rettsinstansen ligg føre, har inkassator/fordringshavaren ennå ikkje fått tvangsgrunnlaget for dei rettslege saksomkostningane. Inkassatoren kan derfor ikkje utan reservasjonar krevje skyldnaren for dei rettslege saksomkostnadene før desse er tilkjend fordringshavaren av rettsinstansen. Likevel er det høve til for inkassatoren å presentere saksomkostnadskravet for skyldnaren alt når det rettslege skrittet er teken, om føremålet er å oppnå utanrettsleg forlik. Inkassatoren pliktar då å gi opplysningar om relevante rettslege og faktiske forhold som er nødvendige for at skyldnaren kan ta stilling til saksomkostnadskravet. Det skal presiserast at skyldnaren ikkje vil få prøvd saksomkostnadsspørsmålet dersom saka blir trekt. Inkassatoren må kunne dokumentere at denne informasjonen er gitt.

¹ Jf. lov om rettsgebyr av 17. desember 1982 nr. 86 § 7 annet ledd

² Jf. lov om rettsgebyr av 17. desember 1982 nr. 86 § 2 første og tredje ledd

³ Jf. forskrift etter rettsgebyrloven m.m. av 15. februar 1983 nr. 86 kapittel 3

⁴ Jf. eksempelvis lov om mekling og rettergang i sivile tvister av 17. juni 2005 nr. 90 kapittel 20 og lov om tvangsfullbyrdelse av 26. juni 1992 nr. 86 kapittel 3

3 Innbetalte rettsgebyr er tiltrudde middel

Innbetalte rettsgebyr frå skyldnaren som del av utanrettsleg forlik er klientmiddel, på lik linje med forskotsinnbetalte rettsgebyr frå fordringshavaren. Midla skal stå på klientkonto inntil fakturaen frå Statens innkrevingssentral er betalt. Om inkassatoren har mottatt heilt eller delvis betaling for rettsgebyr frå skyldnarar i samband med utanrettsleg forlik, og rettsgebyret likevel ikkje blir fakturert frå staten, skal beløpet tilbakebetalast skyldnaren uavkorta.

Om eit slikt forlik ikke blir inngått, og skyldnaren sitt erstatningsansvar for sakskostnadene skal slås fast rettsleg, vil skyldnaren si innbetaling av rettsgebyret vere klientmiddel fram til fakturaen frå Statens innkrevingssentral er betalt *og* ei rettsavgjerd ligg føre.

Gebyret skal i heile perioden bokførast som klientansvar, og inngå i inkassatoren sine løpande klientkontoavstemmingar. Det blir elles vist til Finanstilsynets rundskriv 7/2013 om avstemming av klientmiddel.


Anne Merethe Bellamy
direktør for marknadstilsyn

Anne-Kari Tuv
seksjonssjef

Kontaktpersonar:

Rådgivar Oda Stensrud, tlf. 22 93 97 61, e-post: oda.stensrud@finanstilsynet.no

Spesialrådgivar Arne Solberg, 22 93 98 05, e-post: arne.solberg@finanstilsynet.no



FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO